

Ingunn  
Sigrid  
Ernst

Her

Bergen 18. januar 2018

Juridisk fakultet  
Studiedekan, Halvard Haukeland Fredriksen  
Her

### **Innspel til skisse til ny studieordning for 2. studieår, forvaltningsrett, tingsrett og erstatningsrett.**

Viser til e-postar frå Halvard Haukeland Fredriksen av 08.12.17, der det er bede om innspel til skisse til ny studieordning. Innspelet gjeld rekkjefølgja og samspelet mellom kursa, tingsrett, erstatningsrett og forvaltningsrett. I det følgjande refererer vi førespurnad frå Fredriksen med om innspel – og deretter vårt syn.

#### **1) Koordinering: Tingsrett + Erstatningsrett**

*«Vi ber også om at dere ser på hvordan de to emnene kan koordineres på best mulig vis, herunder om de kan/bør undervises parallelt over hele semesteret. Mulighetene for en felles eksamen ved semesterstutt bes også kommentert (men merk at dette formelt sett trolig krever at vi slår de to emnene sammen til et felles emne).»*

Vi kan ikkje sjå at det er slike særlege fellestrekk ved tingsrett og erstatningsrett, at det kan gi *synergieffekt* i å undervise i kursa parallelt og ha felles eksamen. Skal kursa gå parallelt, noko vi ikkje motset oss, (sjå innspel frå Bjarte Askeland m.fl., som vi også stiller oss bak) er det ryddigast å undervise i bolkar. Korleis dette nærare kan skje vil vi kome attende til, jf. også innspelet frå Askeland med fleire. Korleis ein eventuelt kan få til felles prøving i desse to kursa, må vi også kome attende til.

#### **2)Forvaltningsrett – samle på andre studieår – andre semester**

*«Et sentralt element i to av de tre skissene er samling av JUS 111 Forvaltningsrett I og JUS 123 Forvaltningsrett II i felles emne, plassert på vårsemesteret **på annet studieår (der JUS 123 Forvaltningsrett II er i dag)**. Omfanget foreslås økes fra dagens totalt 27 til 30 studiepoeng. De ekstra studiepoengene forutsettes bruk til bedre integrering av juridiske*

*metode og den tiltagende internasjonaliseringen av forvaltningsretten, særlig som en følge av EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU.»*

**Som kursansvarlege/førelasarar i tingsrett meiner vi det er viktig at tingsrett kjem etter kurset i forvaltningsrett.**

I dag kjem kurset i tingsrett *etter* kurset i forvaltningsrett I. Dette betyr at studentane i starten på tingsrettskurset har grunnleggjande forståing for m.a. slikt som oppgåvene til statsmaktene, krav om heimel for inngrep og grunnleggjande krav til sakshandsaming ved forvaltningsvedtak. Tingsretten har ved tidlegare høve fått 3 studiepoeng frå forvaltningsrettskurset, og premissen var då at miljørett og planrett (spesiell forvaltningsrett) skulle undervisast nærare i tingsrettskurset. Dette er eit grep som etter vår oppfatning har fungert svært bra, og vi har ein «moderne tingsrett» der dei privatrettslege spørsmåla kan sjåast i lys av den stadige utviklinga av offentleg regulering og internasjonalisering. I dag er miljøretten, m.a. Grl. § 112, plan- og bygningsrett/byggjeforbodet i strandsona og naturmangfaldlova, er ein viktig del av dette kurset, både som ein presentasjon av sentrale miljørettslege prinsipp/reglar i seg sjølv, og som tolkingsmoment i høve til fleire andre tema i kurset som t.d. innhaldet i servituttar, allemannsrett og grannerett. Svært mange privatrettslege konflikhtar oppstår etter at forvaltninga har gitt løyve til tiltak, som t.d. spørsmål om akvakultur fører til krenking av «strandrett» eller oppføring av tiltak eller bruksendringar kan krenke grannen sine rettar etter grannelova. Det vil vere svært vanskelege å få det fulle biletet av slike problemstillingar om studentane skulle mangle sentral forståing for den almenne forvaltningsretten. Ved ei eventuell endring på rekkjefølgja her, må ein stille seg spørsmål ved om miljørett og plan- og bygningsrett bør «tilbake» til forvaltningsretten. Vi meiner at innhaldet i tingsrettskurset bør vere som det er, og vi kan heller ikkje sjå at forvaltningsretten har noko å tape på å kome *før* tingsretten.

*Vi tilrår difor at tingsrett bør kome etter alminneleg forvaltningsrett, og dermed på andre semester på andre avdeling.*

Ingunn Elise Myklebust

Ernst Nordtveit

Sigrid Eskeland Schütz